



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Hovudutval for skule og barnehage

Sak nr 7/08

Saksbehandler: Trond Roy Pedersen
Arkivsak: 08/148-4

Arkiv: A20 &00
Møtedato: 24.01.2008

HØYRING - ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA - FRITAK OG UNDERVISNING I KRL

I brev av 05.12.07 har Kunnskapsdepartementet sendt ut høyringsframlegg til endringar i Opplæringslova. Endringane gjeld fritak frå aktivitetar m m i opplæringa og undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, innhald og vurdering i grunnopplæringa. Høyringsfristen er sett til 04.02.08.

Bakgrunnen for saka er dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) mot KRL-faget.

Den historiske bakgrunnen er teke med i punkt 2 i vedlegget. Der er det også teke med at faget vart endra som ein følge av fråsegn frå Menneskerettskomiteen i FN og gjort gjeldande frå 15.08.05. 29.06.07 fastslo EMD at KRL-faget i grunnskulen i Noreg krenka Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som er ein del av norsk lovgrunnlag. Noreg har fått ein frist på 6 mnd til melda frå om kva tiltak som blir sett i verk.

Dommen slår fast at føremålet med faget er i samsvar med prinsippa om pluralisme og objektivitet i EMK. At kunnskap om kristendommen utgjør ein større del av pensum enn andre religionar og livssyn er heller ikkje i strid med desse prinsippa. Domstolen konkluderer med at dei samla kristendomselementa i faget er i strid med EMK og at her er kvalitative skilnader. Dette er meir utdjupa nede side 2 og midt på side 4 i høyringsvedlegget. Det blir bede om at ein ser på reglane for delvis fritak.

Punkt 3 (sjå vedlegg) om fritak frå aktivitetar m m i opplæringa.

Fritaksretten blei ein del endra i 2005 som ein følge av FN si fråsegn. Dei føresette skal nå melda om fritak utan grunngjeving og ikkje søka om dette. Kravet om årleg informasjon er også teke inn i lova. Men EMD presiserer at foreldra må ha god nok kunnskap om innhaldet og arbeidsmåtene i opplæringa. Framlegget i punktet om fritak er derfor å føya til: og innhaldet i opplæringa i fjerde leddet i føresegna i opplæringslova § 2-3a.

Punkt 4 (sjå vedlegg) om føresegna om faget KRL

Departementet tilrår å ta bort første del av føresegna sitt punkt 2-4. Denne er lista opp nede på side 4 i vedlegget. Grunngjevinga for dette er at føremålet for alle faga er regulert i læreplanen. Denne er ei bindande forskrift. Framlegget er å halda på dei to siste avsnitta i føresegna.

Det blir også tilrådd at namnet til faget blir endra til *religion, livssyn og etikk* og grunngr dette med at det vil vera eit signal om ei kvalitativ likeverdig handsaming av alle religionar og livssyn og at det vil føra til at faget får stor likskap til faget *religion og etikk* i vidaregåande opplæring.

Det går fram at endringane fører med seg behov for endringar i læreplanen for faget, slik at det er i samsvar med menneskerettane, og at opplæringa er objektiv, kritisk og pluralistisk. Det vil gå fram av læreplanen at den, grunngritt med det kristendommen har hatt å seia historisk og som kulturarv, skal ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar og livssyn, utan at der er kvalitative skilnader.

Vurdering:

Kommunalsjefen ser at dette er ei vidareføring av oppfølgingar frå overnasjonale organ sine konvensjonar som Noreg har forplikta seg til å følge og har ikkje framlegg om endringar.

Vedlegg:

- Høring – forslag til endringer i opplæringsloven av 05.12.07

Innstilling:

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

Framlegg om endringar i opplæringslova, referert i brev om høyring av 05.12.07, blir tatt til orientering.

Hovudutval for skule og barnehage den 24.01.2008 sak 7/08

Behandling:

Forslag frå Torill S. Bøen -krf:

Opplæringsloven §2-3 og §2-4 blir oppretthalde slik dei er i dag utan endring av namnet på faget.

Skulane må bli betre til å informera føresette om fritaksregelen i § 2-3a, og om innhaldet og arbeidsmåten i opplæringa.

Røysting:

Forslaget frå Torill S. Bøen fekk 6 røyster, 2 røysta mot, Einar Erga -a og Reidar Øksnevad - h.

Med 6 mot 2 røyster vart VEDTEKE:

Opplæringsloven §2-3 og §2-4 blir oppretthalde slik dei er i dag utan endring av namnet på faget.

Skulane må bli betre til å informera føresette om fritaksregelen i § 2-3a, og om innhaldet og arbeidsmåten i opplæringa.

Klepp kommune, 25.01.2008

Solfrid Guddal Søyland
leiar

Mona Undheim
sekr.

Kopi til:
Kunnskapsdepartementet, Postboks 8119 Dep, 0032 Oslo